

# Signering av Sparebankstiftinga Tysnes - Stiftelsesdokumenter, Vedtekter og Åpningsblanse.pdf

Dette dokumentet er signert digitalt av:

Ingvild Hustad	14.08.2025	med Engangskode på SMS
Tor Brattebø	14.08.2025	med Engangskode på SMS
Bente Raknes	14.08.2025	med Engangskode på SMS
Børge Pedersen	14.08.2025	med Engangskode på SMS
Steffen Sleire Opdal	14.08.2025	med Engangskode på SMS
Elisabeth Sandven	14.08.2025	med Engangskode på SMS



Signert elektronisk med styreplan.no. Se vedlegg i denne PDF-filen for mer dokumentasjon.

# **SKIPINGSDOKUMENT**

**for**

## **SPAREBANKSTIFTINGA TYSNES**

### **1 BAKGRUNN FOR STIFTINGA**

Forstandarskapet i Tysnes Sparebank har i møte den 10. april 2025 vedteke at banken slås saman med Haugesund Sparebank, ved at sparebankverksemda i Tysnes Sparebank vert overtaken og vidareført gjennom Haugesund Sparebank og at Tysnes Sparebank skipar ei stifting som skal fremja sparebankverksemda i Tysnes Sparebank sitt marknadsområde gjennom å eiga eigenkapitalbevis og disponera utbyte til ålmennytige føremål.

Sparebankstiftinga vert skipa i samsvar med finansforetakslova § 12-3, jf. § 12-4, jf. § 12-19 og § 12-24.

### **2 STIFTINGA SITT FØREMÅL**

Stiftinga sitt føremål er å forvalte eigenkapitalbevis som stiftinga vart tilført ved skipinga, og å stå for ein langsigktig og stabil eigarskap i Haugesund Sparebank. Stiftinga skal i tillegg plassere midlane på ein føremålstenleg og trygg måte ut frå omsynet til tryggleik, risikospreiing, likviditet og avkastning.

Stiftinga skal disponere overskot og gje bidrag til allmennytige føremål. Gjennom disposisjonar skal stiftinga først og fremst ta omsyn til det distriktet som har bygd opp kapitalen til tidlegare Tysnes Sparebank.

Gjennom verksemda si skal stiftinga gjennom eigarskapen sin i Haugesund Sparebank og vidareføring av sparebanktradisjonane sikra eit godt lokalt forankra sparebanktilbod i Sunnhordland. Elles kan stiftinga stå for anna verksemdu som kan sameinast med nemnde føremål og dei rammer som til ei kvar tid følgjer av regelverket for sparebankstiftingar.

### **3 STIFTINGA SIN KAPITAL**

Stiftinga vert skipa med 1.298.092 eigenkapitalbevis kvar lydande på NOK 100 i Haugesund Sparebank og eit kontantbeløp på NOK 1.500.000. Stiftinga sin grunnkapital er NOK 112.934.004. Stiftinga sin totalkapital ved opprettinga til utgjere NOK 227.368.008.

Stiftinga kan ta i mot ytterlegare midlar utover avkastning på stiftinga sin kapital etter samtykke frå styret i stiftinga. Ei avgjersle om at slike midlar skal leggast til grunnkapitalen, vert teken av generalforsamlinga. Stiftinga kan ikkje ta i mot midlar dersom det er knytt vilkår til disponeringa som ikkje er i samsvar med stiftinga sitt føremål.

### **4 SAMANSETJING AV STYRET**

Stiftinga skal ved skipinga ha eit styret på 3 - 5 medlemar som blir oppnemnde inntil val er gjort av generalforsamlinga. 2/3 av medlemane skal vere personar med bustadadresse i Tysnes kommune.

Følgjande personar vert valde som styremedlemar:

Audun Magnussen (styreleiar)  
Onarheimsveien 144, 5694 Onarheim

Børge Pedersen (styremedlem)  
Tysnesvegen 95, 5680 Tysnes

Elisabeth Sandven (styremedlem)  
Haukafærvågen 18, 5683 Reksteren

## 5 SAMANSETJING AV GENERALFORSAMLINGA

Stiftinga skal ved skipinga ha ei generalforsamling som består av 6 medlemar og 3 varamedlemar som blir oppnemnde inntil ordinære val er gjennomførte.

Følgjande personar vert valde som medlemar av generalforsamlinga:

Margrete Klemetsby (leiar)  
Lundahagen 14, 5690 Lundegrend

Sigmund Hovland (nestleiar)  
Hodnanesvegen 388, 5694 Onarheim

Heidi Renate Røssland  
Henningshagen 13, 5694 Onarheim

Gunnar Hansen  
Grønåsen 45, 5680 Tysnes

Linn Larssæther Frøkedal  
Frøkedalen 83, 5683 Reksteren

Martin Rabben Restad  
Grønåsen 4, 5680 Tysnes

Følgjande personar vert valde som varamedlemar av generalforsamlinga:

Rannveig Ljostveit Helland  
Hegglandsvegen 38, 5680 Tysnes

Øystein Vaage  
Vikavegen 22, 5690 Lundegrend

Marit Bruntveit Vatne  
Rekstravegen 101, 5683 Reksteren

## 6 VALKOMITEEN

Stiftinga skal ved skipinga ha ein valkomité som består av 3 medlemar som blir oppnemnde av forstandarskapet i Tysnes Sparebank inntil ordinære val er gjennomførte. Følgjande personar vert oppnemnd som medlemar av valkomiteen:

Martin Rabben Restad (leiar)  
Grønåsen 4, 5680 Tysnes

Heidi Renate Røssland  
Henningshagen 13, 5694 Onarheim

Linn Larssæther Frøkedal  
Frøkedalen 83, 5683 Reksteren

## **7 REVISOR**

Fram til val er gjort av generalforsamlinga skal stiftinga si revisor være:

RSM Norge AS ved statsautorisert revisor Inge Soteland.

## **8 VEDTEKTER**

Stiftinga skal ha vedtekter som angitt i vedlegg 1 til dette skipingsdokumentet, godkjende av Finanstilsynet.

## **9 OPNINGSBALANSE**

Skiparane vedtok opningsbalansen inntekte som vedlegg 2 til dette skipingsdokumentet. Ei fråsegn frå revisor om at balansen er utarbeidd i samsvar med rekneskapslova sine reglar er lagt ved skipingsdokumentet som vedlegg 3.

## **10 DISPONERING I OPPSTARTSÅRET**

I oppstartsåret 2025 kan utdeling av kontantbeløp som er tildelt sparebankstiftinga ved skipinga eller seinare gjennomførast i samsvar med dei vilkår som gjeld for tildelinga. Utbytte som sparebankstiftinga vert tildelet på eigenkapitalbevis i Haugesund Sparebank for 2025 kan delast ut som gåver for inntil ein halvpart (50 prosent) i 2026.

## **11 DATO FOR SKIPING AV SPAREBANKSTIFTINGA, ADRESSE M.M.**

Stiftinga vert skipa som følgje av samanslåing av Haugesund Sparebank og Tysnes Sparebank etter finansforetaksloven § 12-3, jf. § 12-4, jf. § 12-19 og § 12-24 og ovanføre under punkt 1, og vedtak av Finanstilsynet den 19. juni 2025.

Dato for skiping av stiftinga er dato for registrering av samanslåinga av Haugesund Sparebank og Tysnes Sparebank i Føretaksregisteret etter finansforetaksloven § 12-6. Frå same tidspunkt vert grunnkapitalen stilt til rådvelde for Sparebankstiftinga Tysnes. Melding til Føretaksregisteret vert sendt inn samstundes for alle delane av transaksjonen som er skildra i punkt 1 ovanføre.

Sparebankstiftinga si forretningsadresse skal vera i Tysnes kommune.

\*\*\*

Tysnes/ 14. august 2025

Styret i Tysnes Sparebank som skipar av Sparebankstiftinga Tysnes

---

Bente Jorunn Raknes (styrets leiar)

---

Elisabeth Sandven (styrets nestleiar)

---

Ingvild Aslaksen Hustad

---

Tor Brattebø

---

Børge Pedersen

---

Steffen Sleire Opdal

#### Vedlegg

1. Vedtekter for Sparebankstiftinga Tysnes
2. Opningsbalanse for Sparebankstiftinga Tysnes
3. Revisor si fråsegn om opningsbalansen

## VEDTEKTER FOR SPAREBANKSTIFTINGA TYSNES

### 1 ALMINNELEGE REGLAR

#### § 1-1 Firma og forretningskontor

Stiftinga sitt namn er Sparebankstiftinga Tysnes.

Stiftinga sitt forretningskontor er i Tysnes kommune.

#### § 1-2 Føremål

Stiftinga sitt føremål er å forvalte eigenkapitalbevis som stiftinga vart tilført ved skipinga, og å stå for ein langsigktig og stabil eigarskap i Haugesund Sparebank. Stiftinga skal i tillegg plassere midlane på ein føremålstenleg og trygg måte ut frå omsynet til tryggleik, risikospreiing, likviditet og avkastning.

Stiftinga skal disponere overskot og gje bidrag til allmennytige føremål. Gjennom disposisjonar skal stiftinga først og fremst ta omsyn til det distriktet som har bygd opp kapitalen til tidlegare Tysnes Sparebank.

Gjennom verksemda si skal stiftinga ved eigarskapen sin i Haugesund Sparebank, og vidareføring av sparebanktradisjonane, sikre eit godt lokalt forankra sparebanktilbod i Sunnhordland. Elles kan stiftinga stå for anna verksemd som kan sameinast med nemnde føremål og dei rammer som til ei kvar tid følgjer av regelverket for sparebankstiftingar.

#### § 1-3 Stiftinga sin kapital

Stiftinga vert skipa med 1.298.092 eigenkapitalbevis kvar lydande på NOK 100 i Haugesund Sparebank og eit kontantbeløp på NOK 1.500.000.

Stiftinga sin grunnkapital er NOK 112.934.004.

Stiftinga kan ta i mot ytterlegare midlar utover avkastning på stiftinga sin kapital etter samtykke frå styret i stiftinga. Ei avgjersle om at slike midlar skal leggast til grunnkapitalen, vert teken av generalforsamlinga. Stiftinga kan ikkje ta i mot midlar dersom det er knytt vilkår til disponeringa som ikkje er i samsvar med stiftinga sitt føremål.

#### § 1-4 Utferding av eigenkapitalbevis og opptak av lån

Stiftinga kan ikkje utferde eigenkapitalbevis, men kan ta opp lån i samsvar med dei rammer som til ei kvar tid går fram av regelverket for sparebankstiftingar.

## **2 STIFTINGA SINE ORGAN**

### **§ 2-1 Organ**

Stiftinga skal ha generalforsamling, styre og valkomité.

I tillegg kan stiftinga tilsetje ein dagleg leiar.

### **§ 2-2 Val av generalforsamling**

Generalforsamlinga skal ha 6 medlemar og 3 varamedlemar. Generalforsamlinga si samansetjing skal spegle kundestrukturen i Tysnes Sparebank som skipa stiftinga, andre interessegrupper og samfunnsmessige interesser knytt til sparebankstiftinga si verksemد.

Medlemane og varamedlemane skal veljast av og blant innskytarar med bustadadresse i Tysnes kommune som dei siste 6 månadene før kunngjeringa av valet har hatt innskot i Haugesund Sparebank over eit bestemt beløp som vert fastsett av styret i stiftinga.

Ingen innskytar kan gje meir enn ei stemme.

Valet skal førebuast av valkomitéen og organiserast av styret i stiftinga. Valet skal kunngjerast seinast 14 dagar før valet skal finne stad, og elles slik styret bestemmer. Valet kan gjennomførast elektronisk eller på annan forsvarleg måte etter styret si nærmere avgjersle.

Medlemar og varamedlemar av generalforsamlinga vert valde for 4 år. Vala til generalforsamlinga skal gjennomførast innan utgangen av april månad. Attval kan finne stad.

Generalforsamlinga vel sjølv leiar og nestleiar. Leiar og nestleiar vert valde for 1 år. Val av medlemar eller varamedlemar til generalforsamlinga skal skje innanfor den til kvar tid gjeldande lovgevinga. Medlemar og varamedlemar av generalforsamlinga må ikkje ha styreverv eller vere tilsette i selskap som konkurrerer med Haugesund Sparebank. Dersom noko medlem i løpet av funksjonstida kjem i ein slik situasjon, kjem ein varamedlem inn i vedkomande sin stad. Dersom ein varamedlem kjem i nemnde situasjon, går vedkomande ut som varamedlem.

Ved opprettning av stiftinga vel forstandarskapet i Tysnes Sparebank medlemar til generalforsamlinga. Anna kvart år veljast høvesvis 3 nye medlemar av generalforsamlinga. Etter første gongs val avgjera det ved loddtrekning kva medlemar som skal tre ut, og deretter dei som har gjort teneste lengst.

### **2-3 Møta i generalforsamlinga**

Innan 1. juli kvart år skal stiftinga gjennomføre ordinær generalforsamling, første gong i 2026.

Generalforsamlinga vert gjennomført der stiftinga har forretningskontor. I den ordinære generalforsamlinga skal følgjande saker handsamast og avgjera:

1. Val av leiar og nestleiar av generalforsamlinga
2. Val av styremedlemar
3. Val av medlemar til valkomité
4. Fastsetje godtgjersle til medlemar av generalforsamlinga, styret og valkomiteen

5. Val av revisor og fastsettjing av revisor si godtgjersle
6. Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding
7. Vedta etter forslag frå styret, bruk av året sitt overskot, medrekna kor stor del av året sitt overskot som skal brukast til gåveføremål
8. Andre saker som etter lov eller vedtekter høyrer til under generalforsamlinga som saksførebuande, rådgjevande eller avgjerande organ.

I tillegg skal generalforsamlinga etter forslag frå styret handsame:

9. Endring av stiftinga sine vedtekter
10. Vedta omdanning av stiftinga
11. Avhending av eigenkapitalbevis i Haugesund Sparebank som stiftinga vart tilført ved skipinga etter § 1-3
12. Forvaltning av stiftinga sine midlar i samband med omdanning av Haugesund Sparebank til aksjebank/allmennaksjebank, fisjon av banken og avhending av ein vesentleg del av Haugesund Sparebank si verksemد
13. Oppløsing av stiftinga

Generalforsamlinga vert innkalla av styret. Ved kjent forfall vert varamedlemar kalla inn.

Styret kan avgjere at det skal kallast inn til ekstraordinær generalforsamling. Styret skal kalle inn til ekstraordinær generalforsamling når revisor eller minst 2 medlemar av generalforsamlinga skriftleg krev det for å få handsama eit bestemt oppgitt emne.

Innkalling til generalforsamling skal innehalde opplysningar om tid og stad for møtet, og dei saker som skal handsamast på generalforsamlinga. Innkalling til generalforsamling skal sendast seinast 14 dagar før generalforsamlinga.

Ein medlem av generalforsamlinga har rett til å få handsama ei sak meldt skriftleg til styret innan ei veke før møtet i generalforsamlinga vert halde.

Kvar einskild medlem av generalforsamlinga har ei stemme i generalforsamlinga.

Generalforsamlinga kan ta avgjerd når minst 2/3 av medlemane er til stades. Ei avgjersle av generalforsamlinga krev simpelt fleirtal av dei gjevne stemmene om ikkje anna er fastsett i lov eller vedtekter.

Avgjersler som nemnt i punkt 9 til 13 krev tilslutnad frå minst 2/3 av alle medlemane av generalforsamlinga. Ei avgjersle om oppløsing og om å endre vedtektena skal leggjast fram for rette styremakter for godkjenning.

Styreleiar skal møte på generalforsamlinga. Dei andre styremedlemane og dagleg leiar har møterett.

Det skal førast protokoll over forhandlingane. Protokollen skal underskrivast av møteleiaren og to andre personar som vert peika ut av generalforsamlinga mellom dei som er til stades.

## § 2-4 Styret

Stiftinga skal ha eit styre på 3 til 5 medlemar. 2/3 av medlemane skal vere personar med bustadadresse i Tysnes kommune.

Styret skal ha det mynde og ansvar som følgjer av den til ei kvar tid gjeldande lovgjevinga og desse vedtekten.

Styremedlemar, inkludert styreleiar, vert valde av generalforsamlinga for to år om gongen. Attval kan finne stad.

Ved oppretting av stiftinga vel forstandarskapet i Tysnes Sparebank medlemar til styret.

Samansetjinga av styret skal reflektere samansetjinga av dei gruppene som har stemmerett på generalforsamlinga. Medlemar og varamedlemar av styret skal fylle dei krav som følgjer av den til ei kvar tid gjeldande lovgjevinga.

Medlemar og varamedlemar av styret må ikkje ha styreverv eller tilsetjing i selskap som konkurrerer med Haugesund Sparebank eller eit anna selskap i same konsern som Haugesund Sparebank. Dersom noko medlem kjem i ein slik situasjon i løpet av funksjonstida, kjem varamedlem inn i vedkomande sin stad dersom det er oppnemnt varamedlemar, elles vert det gjennomført suppleringsval. Dersom det er varamedlem som kjem i nemnde situasjon, går vedkomande ut som varamedlem.

### **§ 2-5 Forvalting av stiftinga sine midlar**

Styret forvaltar stiftinga sine midlar eller fastset nærare retningsliner for dette. Styret skal sjå til at stiftinga sine midlar vert forvalta i samsvar med stiftinga sitt føremål, jf. § 1-2, og at verksemda er i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande reglar og stiftinga sine vedtekter.

### **§ 2-6 Disponering av stiftinga sine midlar**

Styret står for utdeling av gåver innanfor dei rammer som er bestemt av generalforsamlinga om bruk av året sitt overskot. Eit rekneskapsmessig underskot er ikkje til hinder for at tidlegare opparbeidd overskot blir nytta som årets overskot til gåveføremål. Styret kan overlate til generalforsamlinga å ta avgjersle om utdeling til enkelte gåveføremål.

### **§ 2-7 Styret si sakshandsaming**

Styret skal handsame saker i møte med mindre styreleiar finn at saka kan handsamast skriftleg eller på annan trygg måte. Årsrekneskap og årsmelding skal behandlast i møte. Dersom det er tilsett dagleg leiar, skal dagleg leiar møte i styremøta.

Styreleiar skal syte for handsaming av aktuelle saker som høyrer inn under styret. Styremedlemane kan krevje at styret handsamar bestemte saker. Styrehandsaming skal varslast på føremålstenleg måte og med rimeleg frist.

Styret kan ta avgjersle når meir enn halvparten av medlemane deltek i styrehandsaminga. Styret kan likevel ikkje ta avgjersle utan at alle styremedlemane, og ved kjent forfall eventuelle varamedlemar, så vidt mogeleg er gitt høve til å delta i handsaminga av saka.

Ei avgjersle av styret krev at eit fleirtal av dei styremedlemane som tek del i handsaminga av ei sak, har stemt for. Ved likt stemmetal gjeld det som styreleiar har stemt for. Er styreleiar ikkje til stades, gjeld det som møteleiaren har stemt for.

Det skal førast protokoll over styrehandsaminga.

## **§ 2-8 Inabilitet**

Eit styremedlem må ikkje ta del i handsaming eller avgjersle av spørsmål som har slik særleg betydning for eigen del eller for nokon nærliggande, at medlemen må seiast å ha ei framtredande personleg eller økonomisk særinteresse i saka.

Eit styremedlem kan heller ikkje ta del i sakshandsaminga eller avgjersla når vedkomande eller nokon nærliggande har stilling eller tillitsverv i ein privat eller offentleg institusjon, organisasjon eller eit føretak som har økonomisk eller anna framtredande særinteresse i saka, eller når vedkomande i slik eigenskap tidlegare har teke del i handsaminga av saka. Ved offentleg stilling eller verv er vedkomande likevel ikkje inhabil i saker som gjeld disponering av midlar til fordel for det offentlege.

## **§ 2-9 Representasjon**

Styreleiar eller to av styret sine medlemar i fellesskap teiknar stiftinga sitt firma. Styret kan meddele prokura og spesialfullmakter.

## **§ 2-10 Dagleg leiar**

Styret kan tilsetje dagleg leiar. Dersom omfanget av dei oppgåvene som skal utførast av den daglege leiinga tilseier det, kan styret i staden inngå oppdragsavtale med person eller selskap om utføring av oppgåvene som dagleg leiar.

Dagleg leiar står for den daglege leiinga av stiftinga si verksemd, og skal følgje dei retningslinjer og pålegg styret har gjeve. Dagleg leiar skal effektuere dei utdelingar stiftinga gjer, og syte for at det blir allment kjent at midlane stammar frå Sparebankstiftinga Tysnes. Den daglege leiinga omfattar ikkje saker som er av uvanleg art eller har mykje å seie. Dagleg leiar skal syte for at selskapet sine rekneskap er i samsvar med lover og forskrifter, og at forvaltinga av stiftinga sine midlar er ordna på ein trygg måte.

Dagleg leiar må ikkje inneha styreverv eller tilsetjing i selskap som konkurrerer med Haugesund Sparebank eller eit anna selskap i same konsern som Haugesund Sparebank.

## **§ 2-11 Valkomiteen**

Generalforsamlinga skal velje ein valkomité som består av 3 medlemar, inkludert leiar av valkomitéen. Valet vert gjennomført mellom generalforsamlinga sine medlemar. Valet gjeld for 2 år om gongen. Ved skiping av stiftinga vert valkomitéen vald av forstandarskapet i Tysnes Sparebank.

Valkomitéen skal førebu val av medlemar og varamedlemar til høvesvis styret, generalforsamlinga og valkomitéen. Valkomitéen si innstilling skal grunngjenvæst.

## **3 ANDRE TILHØVE**

### **§ 3-1 Disponering av årsoverskot – dekking av underskot**

Stiftinga sitt overskot skal disponerast i samsvar med stiftinga sitt føremål, jf. § 1-2 innanfor dei rammer som følgjer av den til ei kvar tid gjeldande lovgjevinga.

Underskot, etter styret sine disponeringar, vert dekka først av fri eigenkapital, deretter av grunnkapitalen.

### **§ 3-2 Disponering av stiftinga sine midlar ved avvikling av stiftinga**

Ved avvikling skal stiftinga sine midlar gå til fremjing av sparebankverksemd og sparebanktradisjonar etter nærmare avgjersler tekne av generalforsamlinga.

Som sparebankverksemd vert i denne samanheng også rekna fremjing av Haugesund Sparebank si verksemd under føresetnad av at banken driv verksemd i dei distrikta der Tysnes Sparebank dreiv verksemd tidlegare.

Avgjersle om disponering av stiftinga sine midlar ved avvikling skal leggjast fram for rette styremakter for godkjenning.

<b>Åpningsbalanse Sparebankstiftinga Tysnes</b>		
<b>EIENDELER</b>	Note	<b>Beløp (NOK)</b>
<b>Investering i egenkapitalbevis</b>	1	<b>225.868.008</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>225.868.008</b>
<b>Omløpsmidler</b>		
Kontanter	2	<b>1.500.000</b>
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>1.500.000</b>
<b>Sum eiendeler</b>		<b>227.368.008</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>		
<b>Egenkapital</b>		
Grunnkapital	3	<b>112.934.004</b>
Annен innskutt egenkapital	4	<b>114.434.004</b>
<b>Sum egenkapital</b>		<b>227.368.008</b>
<b>Gjeld</b>		
Påløpte kostnader	5	<b>0</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>0</b>
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>		<b>227.368.008</b>

\* \* \*

Tysnes / 14. august 2025

Styret i Tysnes Sparebank som stifter av Sparebankstiftinga Tysnes

Bente Jorunn Raknes

Elisabeth Sandven

Ingvild Aslaksen Hustad

Tor Brattebø

Børge Pedersen

Steffen Sleire Opdal

<b>Noter til åpningsbalanse Sparebankstiftinga Tysnes</b>	
Noter	Åpningsbalansen er satt opp i henhold til regnskapslovens bestemmelser og god regnskapsskikk.
1	Investering består av 1.298.092 egenkapitalbevis i Haugesund Sparebank. Verdien pr EKB er basert på børskurs på HGSB kl 12.00 14. august 2025.
2	Stiftelsen mottok et kontantinnskudd ved stiftelsen på NOK 1.500.000.
3	Stiftelsens grunnkapital utgjør NOK 112.934.004.
4	Annен innskutt egenkapital utgjør forskjellen mellom netto mottatte eiendeler og stiftelsens grunnkapital.
5	Påløpte kostnader knyttet til stiftelsen utgjør NOK 0.